



LINDÅS KOMMUNE

# KOMMUNEPLAN 2017-2029

## SAMFUNNSDELEN

Høringsutkast



# Innhold

<b>1. Innleiing</b>	<b>4</b>
Kommuneplanen som styringsverktøy	4
Revidering av samfunnsdelen	4
Overordna mål og førande prinsipp i samfunnsutviklinga	4
Samfunnsdelen som folkehelseplan	4
Frivillighet	5
Verdiane våre	5
Sentrale begrep i samfunnsdelen	6
<b>2. Utviklingstrekk i Lindås kommune</b>	<b>7</b>
Folketal og befolkningsframskriving	7
Arbeidarar i arbeidsfør alder	8
Flyttemønster	8
Busetjingsmønster	8
Bustadtypar	8
Kommunale bustader	8
Pendling	8
Næring	8
Utdanning	9
Arbeidsløyse og uføretrygd	9
Kultur og frivillig arbeid	9
Folkehelse og helsetilstand i befolkninga	9
Oppsummering	10
<b>3. Prosess og medverknadsstrategi</b>	<b>11</b>

<b>4. Mål og strategiar</b>	<b>13</b>
Innleiing	13
Korleis lese samfunnsdelen	13
Regionsenterutvikling	14
Industri og næring	17
Attraktive nærmiljø	20
Kultur og frivillig arbeid	23
Klima og miljø	25
Livsmeistring og fellesskap	28
Kommunale tenester	30
Samfunnstryggleik og beredskap	33
<b>5. Føringar</b>	<b>35</b>

# 1. Innleiing

## Kommuneplanen som styringsverktøy

Kommuneplanen er eit overordna og langsiktig styringsdokument. Planen er vårt viktigaste verktøy når vi skal leggje til rette for ønskt samfunnsutvikling, arealforvaltning og tenesteproduksjon.

Kommuneplanen består av ein samfunnsdel med ein handlingsdel og ein arealdel. Plan- og bygningslova § 11.2 gir følgjande føringar for kommuneplanen sin samfunnsdel:

«Kommuneplanens samfunnsdel skal ta stilling til langsiktige utfordringer, mål og strategier for kommunesamfunnet som helhet og kommunen som organisasjon (...).  
Kommuneplanens samfunnsdel skal være grunnlag for sektorenes planer og virksomhet i kommunen.»

Planen skal både sikre kommunen sine interesser og følgje regionale og nasjonale mål. Samfunnsdelen skal ha ein handlingsdel som seier korleis vi som kommune skal følgje opp planen dei neste fire åra.

Kommuneplanen sin samfunnsdel gir føringar for alle underordna planar i alle sektorar i kommunen.

Samfunnsdelen dannar også grunnlaget for arealdelen, som består av ei planskildring, kart og føresegner som seier korleis vi skal bruke arealet i Lindås kommune. Arealdelen er juridisk bindande.

## Revidering av samfunnsdelen

Lindås kommune har sagt ja til å byggje ein ny kommune med Radøy og Meland. Den nye kommunen skal vere i drift frå 1. januar 2020. Fram mot 2020 er det viktig for Lindås kommune å prioritere arbeid med planar som skal vere eit grunnlag for den nye kommunen. I

vedtatt planstrategi seier vi kva planar Lindås kommune skal prioritere fram til 2020.

For å stå best mogleg rusta, har vi mellom anna bestemt oss for å ha ei full rullering av kommuneplanen sin samfunnsdel. Den gjeldande samfunnsdelen frå 2011 har mange gode intensjonar, men fungerer ikkje som styringsdokument for underordna planar og handlingsplanar i kommunen.

Gjeldande arealdel er også frå 2011. I gjeldande planstrategi seier vi at vi skal gjennomføre ei temavis rullering av arealdelen. Måla og strategiane i denne samfunnsdelen legg føringar for kva tema vi skal ta opp.

## Overordna og førande prinsipp i samfunnsutviklinga

Kva type utvikling ønskjer vi at Lindås-samfunnet skal ha i framtida? Kva utfordringar har vi i dag, og korleis skal vi møte desse? Samfunnsdelen skal gi retning til ønskt utvikling. Til å møte utfordringane våre, har vi valt folkehelseperspektivet og frivilligheita som overordna og førande prinsipp for planen.

Vi ønskjer ei samfunnsutvikling som fremjer folkehelse og minskar sosiale skilnader. Dette kjem tydeleg fram av prioriteringane våre i samfunnsdelen. Vi skal jobbe for eit inkluderande samfunn for alle grupper, livskvalitet og gode levekår og ei heilskapleg samfunns- og næringsutvikling. Vi trur av medverknad og frivilligheit er viktig for å nå desse måla.

## Samfunnsdelen som folkehelseplan

Korleis kan vi utvikle eit berekraftig samfunn som skapar gode levekår og betre livskvalitet for alle?

Folkehelsearbeid er kommunen sin samla innsats for å oppretthalde, betre og fremje helse

til dei som bur i kommunen. Vi kan fjerne eller redusere faktorar som fører til sjukdom eller styrke faktorar som bidrar til god helse.


Folkehelseperspektivet kan bidra til ei samfunnsutvikling som gir gode levekår. God folkehelse er ein føresetnad for livskraftige lokalsamfunn. Samfunn der folk trivst og kjenner at dei høyrer til og har meningsfulle dagar er viktig for å styrke folkehelsa.

Folkehelselova (2012) peikar på fem viktige prinsipp: medverknad, berekraft, helse i alt vi gjer, føre var-prinsippet og utjamning av sosial ulikskap i helse.

Lova gir kommunen eit viktig samfunnsoppdrag: Å utvikle lokalsamfunn som fremjar helse, utjamnar sosial skilnader i helse og deltaking, gir gode sosiale og miljømessige forhold og berekraftige velferdstenester. Det er der menneske lever, verkar og bur, vi kan skape forhold som fremjar helse, trivsel og tilhøyrighet.

Menneske er fødd med ulike føresetnader. Alle kan ikkje velje fritt eller velje bort alt. Barn er til dømes prisgittt vaksne, og alle blir påverka av generelle sosioøkonomiske, kulturelle og miljømessige tilhøve, slik det er vist i figur 1.

**Figur 1**



Figur 1: Generelle sosioøkonomiske, kulturelle og miljømessige betingelser

Lindås kommune skal arbeide for å skape gode oppvekstvilkår for barn og unge, førebyggje sjukdom og skadar, og utvikle eit samfunn som legg til rette for sunne levevaner, beskyttar mot helsetrugslar og fremjar

felleskap, trygghet, inkludering og deltaking for alle innbyggjarar.

## Frivilligheit

Vi er svært stolte over at frivilligheita står så sterkt i kommunen vår. Denne kulturen ønskjer kommunen å ta vare på og vidareutvikle. Frivillige lag og organisasjonar skapar identitet, fellesskap og sosial omgang mellom menneske i lokalmiljøa.

Eit variert kulturtilbod påverkar fysisk og psykisk helse i alle aldersgrupper. Forutsigbar og langsiktig støtte til lag og organisasjonar og dei frivillige er viktig for å oppretthalde varierte og inkluderande tilbod.

Innsatsen til frivillige er viktig, og ein del av limet i samfunnet vårt. Dei skapar møteplassar for fellesskap og deltaking, og legg til rette for at folk dannar sosiale nettverk og kjenner at dei høyrer til. For mange menneske er deltaking i frivillig arbeid eit sosialt sikkerhetsnett. Omgangen dei får med andre og deltaking i meningsfull aktivitet påverkar helsa og livskvaliteten deira på ein god måte.

Vi ønskjer å finne gode løysingar ilag med dei frivillige. Vi vil ta initiativ til forpliktande nettverk og samarbeid.

## Verdiane våre

Verdiar seier noko om kven vi er og kva som er viktig for oss. Verdiane til Lindås kommune er kvalitetsbevisst, tenestevillig, framtidsretta og inkluderande – og legg premissane for korleis vi som organisasjon skal arbeide og utvikle oss.

Verdiane formar haldningane våre, og skal vere synlege i alt vi seier og gjer. Når verdiane våre får prege oss, gjer det noko med omdømmet vårt. Det vil også bidra til å løfte visjonen vår «Der draumar blir røyndom».



## Sentrale begreper i planen

### Berekraftig utvikling

Ei utvikling som tilfredsstillende behova vi har i dag, utan å øydeleggje for framtidige generasjonar sine moglegheiter til å tilfredsstillende sine framtidige behov.

### Folkehelse

Begrepet tar opp i seg økonomiske, fysiske, psykiske og miljømessige forhold som påverker helse-tilstanden.

### Fortetting

Med fortetting meiner vi all byggeverksemd innanfor område som er utbygd og regulerte i dag - og førar til høgare eller meir effektiv arealutnytting.

### Frivillig arbeid

ILO (International labor organization) definerer frivillig arbeid som: "ikke-obligatorisk arbeid, det vil si den tiden en person bruker på å utføre en eller flere aktiviteter - enten gjennom en organisasjon, eller direkte overfor andre utenfor egen husholdning - uten å ta betalt."

### Sentrum

Eit sentrum er eit konsentrert og avgrensa område med ei kjerne der du kan gå til alt.

### Kulturlandskap

Eit landskap forma av menneske over lengre tid. I dag er begrepet særleg knytt til landbrukslandskap, som i stor grad har vore prega av husdyrbruk og slåttelandskap i Lindås kommune.

### Nærmiljø

Eit samlebegrep for dei ulike fysiske og sosiale forholda i eit lokalmiljø. Begrepet rommar til dømes trafikkforhold, samfunnsmessige og kommersielle tenester, barn sine moglegheiter for å leike og moglegheiter for friluftsliv.

### Nærsenter

Lindås kommune har definert at Ostereidet og Lindås skal vere nærsentra. Eit nærsenter vil typisk innehalde handel- og servicetilbod, private og offentlege tenester innanfor helse/velvere dimensjonert for nærmiljøet.

### Regionsenter

Regional plan for attraktive senter i Hordaland i 2015 seier at Knarvik skal vere eit regionsenter for heile Nordhordland.

Regionsenter blir definert som ein tettstad som inneheld senterfunksjonar som handel og tenester for eit definert omland.

### Sentrumsstruktur/urban struktur

Kva mønster/struktur tettstaden er bygd opp rundt. Det vil seie utforminga av sentrum i tettstaden i eit system av gatar, plassar, kvartal og korleis bygningane er organisert innanfor dette.

### Spreidd busetnad

Bustadtomter med spreidd plassering, utan direkte tilknytning til dei definerte sentra, eller utan å liggje inntil kvarandre.

## 2. Utviklingstrekk i Lindås kommune

For å velje dei rette måla og strategiane, må vi ha kunnskap om kvar vi står i dag. Spørsmåla er kva utfordringar vi har, og kva vi må satse på for å møte dei. Kunnskap om til dømes folketalsutvikling og kva behov innbyggjarane våre har når det gjeld ulike tenester, legg premissane for korleis vi som kommune skal levere tenester og bidra til å utvikle samfunnet.

Dette kapitlet støttar seg i stor grad på to dokument, som skildrar dei mest sentrale utfordringane til Lindås kommune:


- eit utfordringsnotat, som vart laga i starten av arbeidet med planstrategien og planprogram for samfunnsdelen, og skildrar utviklingstrekk til Lindås kommune (2016)
- dokumentet «Helsetilstand og påverknadsfaktorar», som gir ei oversikt over helsetilstanden til innbyggjarane våre (2016)

### Folketal og befolkningsframskriving <sup>1</sup>

1. januar 2017 hadde Lindås kommune 15.731 innbyggjarar. Lindås kommune har til liks med resten av landet hatt befolkningsvekst dei siste åra. I perioden 2005-2017 hadde Lindås kommune ei folkevekst på om lag 21 %, dette er både høgare enn snittet i Hordaland (16%) og heile landet (14%).


Aldersamansetting i Lindås kommunen pr. januar 2017, sjå figur 2.

Figur 2



Ifølgje SSB sitt mellomalternativ vil folketallet i Lindås kommune fortsetje å stige. I 2030 er det venta å nå 18.858 innbyggjarar. Vi vil få ein auke i alle aldersgrupper, sjå figur 3.

Figur 3



I 2030 vil vi ha (samanlikna med 2017):

- barnehagealder: 1246 (+190)
- barneskulealder: 1746 (+183)
- ungdomsskulealder: 737 (+86)
- 20-66: 10639 (+1.365)
- 67-79: 2194 (+532)
- 80-89: 968 (+478)
- 90 år og eldre: 172 (+ 39)

<sup>1</sup> SSB tabell 07459: Folkemengde, etter kjønn og ettårig alder. 1. januar (K)

<sup>2</sup> SSB, Framskrevet folkemengde for kommunane i 2030 etter hovudalternativet

<sup>3</sup> SSB tabell: 11168: Framskrevet folkemengde 1. januar, etter kjønn og alder, i 9 alternativ

Vi ventar befolkningsvekst også i Radøy kommune og Meland kommune, som Lindås skal byggje ein ny kommune ilag med. Ifølgje folkeframskriving til Hordaland fylkeskommune kan folketalet i den nye kommunen bli om lag 33.350 innbyggjarar i 2030.

### Arbeidarar i arbeidsfør alder<sup>3</sup>

Ifølgje framskrivingane vil gruppa eldre i heile landet (70 år eller meir) bli dobla dei neste 30 åra. I Lindås er det venta at 20 % av befolkninga er over 67 år i 2040 (tilsvarande 14 % i 2015). Befolkingsframskrivingane viser at det i framtida vil bli færre innbyggjarar i yrkesaktiv alder for kvar innbyggjar som er 80 år og eldre.

### Flyttemønster<sup>4</sup>

Netto innflytting har vore meir avgjerande for folketalsutvikling enn fødselsoverskot. I 2015 var nettoinnvandring frå utlandet til Lindås kommune på 53 personar, medan innlandsflytting var på 102 personar og fødselsoverskotet på 86 personar.

Innvandring frå utlandet har mindre å bety for folketalsutvikling i Lindås kommune enn i mange andre kommunar. Hovudvekta av innvandrarane i Lindås kommune er arbeidsinnvandrarar. Tal frå 2014 viser at om lag 70 % av innvandrarane i kommunen kjem frå ulike land i Europa, medan innvandrarar frå Afrika og Asia utgjør 25 % av busette innvandrarar i Lindås kommune.

### Busettingsmønster<sup>5</sup>

Der har vore ei jamn befolkningsvekst i Lindås kommune dei siste tiåra. Hovudveksten av veksten har vore høg tilflytting til Knarvik/ Alversund og kring nærsentera. Eit anna hovudtrekk har vore ei negativ folketalsutvikling i dei mindre grendene.

Hushaldningar med ein person aukar både mellom unge og eldre, og 30% av befolkninga i kommunen bur åleine. I kommunen er 13 % av barna i hushald med ein forsørgar.

### Bustadtypar<sup>6</sup>

- 4.964 einebustader
- 613 tomannsbustader
- 639 rekkjehus, kjedehus og andre småhus
- 329 einingar i bustadblokk
- 36 einingar i bygningar for bufellesskap

### Kommunale bustader<sup>7</sup>

- 51 kommunalt eigde
- 16 kommunalt disponerte
- 139 omsorgsbustader – kommunalt eigde

### Pendling<sup>8</sup>

- 7.826 arbeidstakarar er busette i Lindås kommune
- 788 arbeidstakarar frå Lindås kommune pendlar til Bergen eller vidare
- 1.898 arbeidstakarar pendlar frå Bergen til Lindås kommune
- 4.714 arbeidstakarar pendlar internt i Nordhordland
- Talet på reisande med snøggbåten mellom Knarvik og Bergen var 121.000 i 2016. Det utgjør i overkant av 10.000 reisande i snitt pr. månad. Talet har auka jamnt sidan båten kom i 2013.

### Næringstruktur og arbeidsplassar<sup>9</sup>

- Jordbruk, skogbruk og fiske: 146
- Sekundærnæringar: 2.440
- Varehandel, hotell og restaurant, samferdsle, finansteneste, forretningsmessig tenester, eigedom: 2.270
- Offentleg administrasjon, forsvar og sosialforsikring: 302

<sup>3</sup> Ny kommune. Tal frå 2015

<sup>4</sup> SSB tabell 01223: Folkemengd og endringar hittil i år (K)

<sup>5</sup> SSB tabell 04317: Folkemengde, etter grunnkrins (G)

<sup>6</sup> SSB tabell 06265: Boliger, etter bygningstype (K)

<sup>7</sup> Kostratal frå 2017

<sup>8</sup> Statistikk i vest : Pendlingsmatrise. År 2015

<sup>9</sup> SSB, registerbasert sysselsetting, 4. kvartal 2016



- Undervisning: 622
- Helse- og sosialtenester: 1.453
- Personleg tenesteyting: 229

## Utdanning<sup>10</sup>

Lindås kommune har ein høg del innbyggjarar med grunnskule som høgste utdanningsnivå (28,1 %). Om lag 50 % har vidaregåande skule som høgste utdanning, medan 23 % har høgare utdanning med 4 år eller meir på høgskule eller universitet. Vi ser den same trenden i heile Nordhordland.

Tala for Lindås kommune har vore relativt stabile dei siste 15 åra, med ein svak auke av innbyggjarar med universitets- og høgskoleutdanning (inntil 4 år). Til samanlikning er talet for innbyggjarar med universitets- og høgskuleutdanning i Hordaland 32 %, og talet for landet er 31,4 %. God tilgang på godt løna oljerelatert arbeid kan vere med på å forklare denne trenden i vår region.

Vi har 19 % fråfall frå vidaregåande skule i Lindås kommune.

## Arbeidsløse og uføretrygd<sup>11</sup>

Dei siste åra har Hordaland vore prega av mangel på arbeidskraft og høg arbeidsinnvandring. Arbeidsløysa aukar, mest blant menn på grunn av næringsstrukturen i fylket. Også gruppa unge har problem med å koma inn i arbeidsmarknaden.

Ved utgangen av 2015 var 3,3 % av arbeidsstokken i Nordhordland registrert som heilt ledige. Nordhordland er regionen i fylket med flest ledige. Lindås er ein av kommunane som har hatt størst auke i talet på ledige det siste året. Ved utgangen av 2015 var 279 personar registrerte som heilt ledige, noko som er 42 % fleire enn på same tid året før. Det er venta at arbeidsløysa skal stige ytterlegare før han

flatar ut og går ned att i 2017- 2018.<sup>12</sup>

I aldersgruppa mellom 18 og 44 år er 2,7 % uføretrygda. Dette er om lag på linje med snittet elles i landet.

## Kultur- og frivillig arbeid

- Totalt 350 frivillige lag, gruppar og organisasjonar
- Den største aktiviteten innan frivilligheit er ordinær turgåing, organisert og sjølvorganisert
- Mest populær idrett er fotball

## Folkehelse og helsetilstand<sup>13</sup>

Det er venta høg levealder i Lindås kommune og mindre sosiale skilnader i forventale levealder enn elles i landet. Likevel ser vi høgare forekomst av hjarte- og karsjukdommar, og fleire enn snittet i landet blir behandla for diabetes type 2. Fleire ungdommar i Lindås kommune har psykiske symptom og lidingar enn ungdom elles i landet. Unge på ungdomsskule og i vidaregåande skule fortel om einsemd og depresjon.

I Lindås kommune fullfører 81 % vidaregåande skule, noko som er lågt, men litt betre enn snittet elles i landet. Det er fleire som fullfører vidaregåande skule når foreldra har høgare utdanning. Fleire enn snittet i landet har det lågaste meistringsnivået i lesing og rekning i 5. klasse. Nivået på nasjonale prøvar på 8. og 9. trinn er under middels. I 10. klasse seier 20 % at dei ikkje trivst, mot snittet elles i landet på 15 %. 7,5 % seier dei blir mobba i 10. klasse.

Kommunen har tre kommunale barnehagar, medan tolv av barnehagane er private. Det er låg bemanning i barnehagane og berre 17 % har relevant utdanning. Snittet for heile landet er 45 %.

<sup>10</sup> www.kommuneprofiler.no

<sup>11</sup> NAV sine prognosar

<sup>12</sup> NAV sine prognosar

<sup>13</sup> Helsetilstand og påverknadsfaktorar. Oversiktsdokument i Lindås kommune i 2016

Aktivitetsnivået til barn og unge i Lindås kommune ligg under gjennomsnittet i landet. Delen barn og unge med overvekt, inkludert fedme, ser ut til å vere høgare enn landet under eitt. Om lag 7 % av barna bur i familiar med låg inntekt.

Biltrafikken i Nordhordland aukar. Det er lange vegstrekingar som er smale og uoversiktelege, og det manglar både fortau og veglys mange stader. Dei siste 10 åra har ein til to personar mista livet i trafikken kvart år i Lindås kommune, og talet på hardt skadde har auka i den same perioden.

## Oppsummering

Tala og statistikkane i dette kapitlet seier mellom anna noko om utfordringane til Lindås kommune. Ei rekkje faktorar spelar inn på dei utviklingstrekk vi ser. Men kva betyr dette eigentleg for oss som bur og jobbar i kommunen? Kva biletet teiknar dette av samfunnet vårt – og kva skal vi ta tak i for å bli det samfunnet vi ønskjer å vere i framtida?

Nokre av utfordringane som kjem fram er:


- noko høgare folketal enn snitt for fylket og landet. Befolkningsvekst i alle aldersgrupper
- størst befolkningsauke i sentrale strøk.
- Nokre bygder har fråflytting
- fleire pendlar frå Bergen til Lindås og Nordhordland, enn motsett
- låg del av befolkninga som er innvandrarar
- låg del av befolkninga med høgare utdanning
- høg del oljerelaterte arbeidsplassar
- auke i arbeidsledighet
- høg del unge på sosialstønad
- lite byggjeklart areal til næringsutvikling
- fleire tilsette utan relevant utdanning i barnehagane
- låg del relevant utdanning i SFO
- høgt fråfall ividaregåande skule
- privatbilkommune

Når det gjeld helsetilstand, har vi også nokre utfordringar. Mellom utfordringane som kommunen har moglegheit til å påver-

ke (påverknadsfaktorar) er; aukande grad av overvekt og livsstilssjukdomar hos vaksne, og einsemd og psykiske lidingar hos unge. Kvi for er det slik og korleis heng dette saman?

19 % fråfall i vidaregåande skule er betre enn snittet for heile landet. Vi har likevel som mål at fleire skal fullføre. Det er ikkje utdanninga i seg sjølv som er viktig, men kva utdanninga kan føre til, som er sentralt for korleis helsa utviklar seg. Mange avgjerande faktorar for helse varierer med utdanning; materiell levestandard, arbeidsforhold, livsstil og psykologiske belastningar. Forskjellar i utdanning kan bidra til forskjellar i inntekt, som vidare kan føre til forskjell i levestandard og materiell tryggleik. Samanhengen kan du sjå i figur 4.

**Figur 4**



Utvikling innan befolkningsvekst, alderssammansetting i befolkninga, grad av barnefattigdom, helsetilstand i befolkninga, arbeidsløyse og næringsutvikling vil påverke fleire av kommunen sine tilbod og tenester, til dømes helse, pleie og omsorg, kultur og fritidsaktivitetar, økonomi og bustadpolitikk.

Utviklingstrekk i kommunen, særlege utfordringar, og helsetilstanden i befolkninga danner grunnlaget for mål og strategiar for ønskt utvikling av kommunen.

## 3. Prosess og medverknadsstrategi

Kommuneplanen sin samfunnsdel er viktig for alle som bur og driv næring i Lindås kommune. Før vi starta arbeidet med sjølve planen, ønskte vi difor å høyre kva ulike grupper i kommunen meiner om framtida si. Målet var å sikre brei og god medverknad på alle tema i planprogrammet.

Vi spissa tema i planprogrammet og inviterte til å kome med innspel på åtte hovudtema:

- Regionsenterutvikling
- Industri og næring
- Attraktive nærmiljø
- Kultur og frivillig arbeid
- Klima og miljø
- Livsmeistring og fellesskap
- Kommunale tenester
- Samfunnstryggleik og beredskap

Vi la opp til ein todelt prosess:

1. Open medverknad (november-februar)
2. Politisk prosess (februar-april)

Det var viktig for oss å starte med den opne prosessen, for å gi flest mogleg innspel til politikarane når det var deira tur. Vi sette av god tid til medverknad, og planla for å hente innspel frå tre hovudgrupper:

- Innbyggjarar, frivillige lag og organisasjonar og næringsliv
- Administrasjonen
- Politiske råd og utval

Frå november 2016 til februar 2017 inviterte vi den første gruppa til å kome med innspel. Vi ønskte å få folk til å forstå at kommuneplanen handlar om framtida deira, og tok i bruk digitale verkemiddel for å spreie kunnskap og auke engasjementet.

Målet var å motivere flest mogleg til å kome med innspel. Strategien var å seinke terskelen, ved å ta i bruk etablerte møteplassar og sosiale medier. Vi inviterte oss sjølv til plassar



Framtidsbiletet til Ingun Redalen White.



Ungdomsrådet hadde fleire arbeidsmøte.

der vi visste at folk var, og brukte facebook-sida til kommunen aktivt for å marknadsføre korleis det var mogleg å kome med innspel. Dei tradisjonelle folkemøta bytta vi med ei digital spørjeundersøking med 25 spørsmål knytt til hovudtema i samfunnsdelen. I all kommunikasjon med innbyggjarar i



kommunen, brukte vi eit klart og forståeleg språk. Vi fekk grafisk designar Ingun Redalen White til å lage eit framtidsbilete, som var skreddarsydd til arbeidet vårt. Biletet skildrar alle hovudtema, og har følgd og profilert prosessen frå A til Å. Biletet har vore utgangspunkt for mange diskusjonar i møte med alle målgruppene våre.

Parallelt med å hente innspel frå innbyggjarar, lag og organisasjonar og næringsliv, har fagavdelingane i kommunen og politiske råd og utval i kommunen jobba med dei same åtte hovudtema. Det kom innspel frå 33 avdelingar fordelt på sektorar og stab.

Eldrerådet, råd for menneske med nedsett funksjonsevne, levekårsutvalet og plan- og miljøutvalet hadde arbeidsmøte knytt til hovudtema i januar.

Ungdomsrådet har hatt møte med elevråda på ungdomsskulane og Knarvik vidaregåande skule. Innspela vart deretter drøfta i ungdomsrådet og dannar grunnlaget for rapporten «Melding frå ungdomane».

Engasjementet og talet på innspel har vore rekordhøgt. Totalt har fleire hundre innbyggjarar, aktørar og tilsette i kommunen gitt fleire tusen innspel til framtida til kommunen. Alle innspela vart samla i ni ulike rapportar, og levert til politikarane i formannskapet 23. februar 2017. Med dette fekk politikarane stafettpinna til vidare arbeid.

Innspela vart samla i ni rapportar:

1. Melding frå ungdomane
2. Melding frå folket
3. Melding frå barn
4. Melding frå gjesteboda
5. Lag og organisasjonar
6. Tenketank for framtida
7. Administrasjonen
8. Politiske råd og utval
9. Melding frå HTV

I mars har formannskapet og kommunestyret jobba konkret med formulering av mål og strategiar rundt kvart hovudtema.

## 9 rapportar med innspel til kommuneplanen sin samfunnsdel





## 4. Mål og strategiar

### Innleiing

Måla og strategiane i dette kapittelet byggjer på skildringa av utviklingstrekk og utfordringane til kommunen. Kommuneplanen sin samfunnsdel inneheld mål og strategiar for åtte hovudtema:

- Regionsenterutvikling
- Industri og næring
- Attraktive nærmiljø
- Kultur og frivillig arbeid
- Klima og miljø
- Livsmeistring og fellesskap
- Kommunale tenester
- Samfunnstryggleik og beredskap

### Korleis lese samfunnsdelen

Planen er viktig for politikarar og tilsette i Lindås kommune, men det er like viktig for oss at innbyggjarar og næringsliv forstår og brukar planen aktivt.

Du kan sjølvstekt lese planen frå A til Å, men det er enklare å bruke planen som eit oppslagsverk. Kva er du opptatt av? Gå til måla og strategiane i kapittel fire, og les om tema som er aktuelle for deg. Her kan du sjå kva kommunen har bestemt seg for å satse på.

Til kvart hovudtema har vi definert konkrete mål og strategiar, som skal møte utfordringane våre. Måla og strategiane gir retning til ønska samfunnsutvikling i Lindås kommune i den komande planperioden. Vi har lagt alle strategiane inn i ein tabell for å vise kva som gir føringar for arealdelen, og i kva for underordna planar vi skal prioritere tiltak som skal gjer at vi oppfyller måla og strategiane.

Du kan lese meir om bakgrunnen for satsinga i kapittel 2 om utviklingstrekk. Du kan også lese kapittel 3, som seier korleis vi har arbeidd med planen og kven som har medverka.



## Regionsenterutvikling

Knarvik er eit knutepunkt og regionsenter for kommunane i Nordhordland. Du kan køyre til Knarvik sentrum frå store delar av Nordhordland innan ein time. I tillegg til service og tenesteyting, er fleire regionale funksjonar lokalisert i Knarvik, til dømes legevakt og vidaregåande skule. Eit velfungerande regionsenter er ein viktig faktor for ein attraktiv bu- og arbeidsregion.

Knarvik er i endring, og skal bli ein by med ein tydeleg bykjerne for heile Nordhordlandsregionen. Det er også lagt opp til at Knarvik skal vere eit sentrum for den nye kommunen. Lindås kommune har i fleire år arbeidd med utvikling av regionsenteret, og laga ein områdeplan for Knarvik. Områdeplanen blei vedtatt juni 2015. Kommunen skreiv då blant anna følgjande om intensjonen for planen:

“Føremålet med planarbeidet er å leggje til rette for ei trinnvis transformasjon og omforming av Knarvik sentrum til eit regionsenter som har framtidsretta og urbane løysingar med høg arkitektonisk kvalitet. Ei bymessig utvikling skal leie til ein levande by som inviterer til bruk av byrom, og tilbyr eit mangfald av kvalitetar for alle.”

Områdeplanen for Knarvik opnar mellom anna for 2.000 nye bueiningar, nye møteplassar, betre kollektivdekning, effektive parkeringsløysingar og meir handel og service. Planen legg opp til til ei finmaska funksjonsblanding i sentrum med korte avstandar mellom dei ulike funksjonane.

Knarvik sentrum er i dag prega av låg tettleik av både bygg og befolkning. Det er fleire utfordringar knytt til mellom anna næringsutvikling, handel, bustadutvikling, koblingar mellom ulike funksjonar, E39 gjennom sentrum og gode trafikale løysingar for mjuke trafikantar. Sentrum er prega av ein bilbasert infrastruktur, der folk må bevege seg mellom bilar, gjennom parkeringsplassar eller i blanda trafikk.

Nærleiken til samanhengande natur- og friluftsområde er ein kvalitet som gir Knarvik særpreg. Fjorden og dei omkringliggjande naturområda er viktige element i landskapsbiletet. Å ta vare på og vidareutvikle koblingane mellom sjø, natur og landskap skal stå i fokus i det vidare arbeidet med Knarvik sentrum.

Planlegginga av regionsenteret skal fremje utforming og tilrettelegging av fysiske forhold som gir like moglegheiter til deltaking. Alle uteareal skal leggjast til rette etter prinsippet om universell utforming slik at dei er inkluderande og tilgjengelege for alle.

Vidare ønskjer kommunen å gi frivillige lag og organisasjonar ei tydeleg rolle i byutviklinga. Det vil vi mellom anna gjere gjennom å leggje til rette for sosiale møteplassar, kulturliv og idrett i regionsenteret.

### Relevante kommunale planar

- Kommunedelplan for Knarvik – Alversund med Alverstraumen (i prosess)
- Områdeplan for Knarvik sentrum (vedtatt 2015)
- Kommunedelplan for E39 (i prosess)

### Rettleiing og forkortingar

Her kan du lese fullt namn og planstatus på planane i kolonna til venstre, "oppfølging i underordna planar/tiltak".

KDP = Kommunedelplan

## TEMA 1: Regionsenterutvikling

### MÅL 1: Vi vil at regionsenteret skal vere ein attraktiv og levande by for heile Nordhordland.

Dette skal vi få til ved å:	Føringar for kommunepleanen sin arealdel	Oppfølging i underordna planar/tiltak
<b>STRATEGI 1:</b> Utvikle regionale arenaer og møteplassar for kultur, aktivitet, oppleving og rekreasjon	Sikre areal til natur, kultur- og idrettsføremål	KDP Knarvik – Alversund Områdeplan Knarvik S.
<b>STRATEGI 2:</b> Sikre betre tilgang til aktivitetar i strandsona	Sikre areal til natur-, kultur- og friluftsføremål i strandsona og i sjø	KDP og reguleringsplanar
<b>STRATEGI 3:</b> Satse på varierte bustadtypar som skapar gode bumiljø	Sikre areal til bustadbygging. Presisere krav til bustadtypar og fortetting i overordna føresegner	KDP og reguleringsplanar
<b>STRATEGI 4:</b> Utvikle grøntstrukturen i og rundt sentrum.	Sikre areal til natur, kultur- og idrettsføremål	KDP, områdeplan og reguleringsplan
<b>STRATEGI 5:</b> Leggje til rette for offentleg og privat tenesteyting i Knarvik sentrum og omland	Sikre areal til off. og privat tenesteyting og næring sør i kommunen. Avklare kva næringsføremål som skal ligge kvar.	KDP, områdeplan og reguleringsplan
<b>STRATEGI 6:</b> Arbeide for å flytte E39 utanfor Knarvik sentrum	Sikre areal til ny trase for E39 Sikre enkelt tilkomst til Knarvik og avklare p-areal i og rundt sentrum	KDP E39 KDP Knarvik-Alversund, områdeplan og reguleringsplan
<b>STRATEGI 7:</b> Leggje til rette for parkering under bakken, i gåavstand til naturlege sentrumstilbod	Sikre areal til parkering	Områdeplan for Knarvik
<b>STRATEGI 8:</b> Sikre eit godt samspel mellom mjuke trafikanter, biltrafikk og næringslivet sitt behov.	Sjå heilskapleg på arealbehov for gangvegar, sykkelveg og vegtrafikk	KDP, områdeplan og reguleringsplan
<b>STRATEGI 9:</b> Arbeide aktivt for å utvikle Knarvik med tenestetilbod som naturleg høyrer heime i regionen	Sikre areal til offentleg og privat tenesteyting sentralt i regionsenteret	KDP Knarvik-Alversund, områdeplan og reguleringsplan
<b>STRATEGI 10:</b> Sikre offentleg areal for framtidig vekst og utvikling	Sikre areal til framtidige skular, barnehagar, idrettsanlegg og andre off. funksjonar.	KDP Knarvik-Alversund, områdeplan og reguleringsplan
<b>STRATEGI 11:</b> Utvikle samanhengande gang- og sykkelvegar, og leggje til rette for sykkelparkering i sentrumsområdet	Sikre areal til gang- og sykkelvegnett. Sikre areal til sykkelparkering. Sikre areal til trygge barnehage-/skulevegar.	KDP Knarvik-Alversund, områdeplan og reguleringsplan

**TEMA 1: Regionsenterutvikling****MÅL 2: Vi vil at regionsenteret skal være eit regionalt knutepunkt for samferdsel og kollektivtransport**

<b>Dette skal vi få til ved å:</b>	<b>Føringar for kommuneplanen sin arealdel</b>	<b>Oppfølging i underordna planar/tiltak</b>
<b>STRATEGI 12:</b> Sikre god pendlarparkering i og rundt Knarvik, og ha enkel kopling til kollektivtransport	Sikre areal til parkering i nærleiken av kollektivknutepunkt	KDP Knarvik-Alversund, områdeplan og reguleringsplan
<b>STRATEGI 13:</b> Vi vil arbeide for å etablere raske og enkle kollektivalternativ mellom regionsenteret og Bergen, på sjø og land	Sikre areal til framtidige kollektivbehov (Buss, båt, bane)	KDP Knarvik-Alversund, områdeplan og reguleringsplan
<b>STRATEGI 14:</b> Arbeide for å etablere gode transportårer og kollektivtilbod mellom regionsenteret og distrikta		

**MÅL 3: Vi vil at Knarvik skal være den viktigaste staden for regionale helsetenester nord for Bergen sentrum**

<b>Dette skal vi få til ved å:</b>	<b>Føringar for kommuneplanen sin arealdel</b>	<b>Oppfølging i underordna planar/tiltak</b>
<b>STRATEGI 15:</b> Arbeide for at fleire spesialisthelsetenester kjem til regionsenteret		KDP Helse, sosial og omsorg

## Industri og næring

Næringslivet i Lindås kommune har sterke industrielle tradisjonar, der aktiviteten på og kring Mongstad har vore lokomotivet i næringslivet vårt dei siste tiåra. Handel og service i Knarvik står også sentralt. I tillegg har kommunen verksemdar knytt til havbruk og maritim næring.

Tala visar at Nordhordland, og særleg Lindås kommune, har opplevd at fleire har blitt arbeidsleidige dei siste åra. Å vere utan arbeid aukar risikoen for ei langvarige helseutfordringar. På individnivå er det vist ein forverra helsetilstand som direkte følgje av tap av arbeid, til dømes ved nedbemanning og permittering. Tap av arbeid påverkar den psykiske helsa negativt – mellom anna ved depressive plagar. Konsekvensane av arbeidsløyse over tid kan difor gi negative ringverkningar for familiar og lokalsamfunn.

Auke i arbeidsløysa og forventna folkevekst i Nordhordlandsregionen og i Lindås kommune, skapar behov for fleire og nye arbeidsplassar. Kommunen ønskjer å vere framtidssretta ved å satse på nye idear og nye verksemdar som i mindre grad er oljerelaterte. Vidare er det viktig å leggje til rette for at arbeidsplassar blir plassert i regionsenteret og nærsentra.

Eit godt utvikla vegnett, både internt i regionen og mot Bergen, er eit viktig tema for framtidig næringsutvikling. Kommunen legg difor opp til at nye næringsområde i hovudsak skal utviklast i nærleiken av E39 og fylkesveg 57.

Samfunnsutvikling og næringsutvikling heng tett saman. Kommunen kan til dømes leggje forholda til rette for næringsutvikling ved å sikre at det finst eit variert bustadtilbod og attraktive nærmiljø i nærleiken av områda der kommunen ønskjer at næringslivet skal etablere og utvikle seg.

Skatteeffekten av eit næringsliv med god lønsevne har betydning for kommunen og

regionen. Det styrkar vilkåra for god kommuneøkonomi, og i neste runde grunnlaget for offentlege tenester som skal sikre levekåra og velferda til innbyggjarane.

Landbruksdrifta og levande bygder er ein del av historia og identiteten til Lindås kommune. Det er viktig for kommunen å oppretthalde landbruket. Lindås har også ei langstrakt kystline med stort potensiale for fiske og til dømes havbruk. Dette er eit fortrinn, sidan sjø og kystline truleg vil spele ei endå større rolle i matforsyninga i framtida.

### Relevante kommunale planar

- Kommunedelplan for Lindåsneset med Mongstad (oppstart 2018)
- Kommunedelplan for Knarvik – Alversund med Alverstraumen (i prosess)
- Utviklingsprogrammet Lindås 2019
- Landbruksplan (oppstart innan 2020)

### Rettleiing og forkortingar

*Her kan du lese fullt namn og planstatus på planane i kolonna til venstre, "oppfølging i underordna planar/tiltak".*

KDP = Kommunedelplan  
IUV = Industriutvikling Vest

## TEMA 2: Industri og næring

### MÅL 4: Vi vil at kommunen skal vere ein attraktiv kommune for industri, næring og innovasjon.

Dette skal vi få til ved å:	Føringar for kommunepleanen sin arealdel	Oppfølging i underordna planar/tiltak
<b>STRATEGI 16:</b> Vidareutvikle Mongstad og Knarvik-området som knutepunkt for næringsutvikling	Sikre tilstrekkelig med næringsareal som er med på å underbygge strategien	KDP Knarvik-Alversund KDP Lindåsneset med Mongstad
<b>STRATEGI 17:</b> I hovudsak samle og utvikle arealintensiv næring langs hovudfartsårene E39 og FV57	Sikre næringsareal langs hovudfartsårene E39 og Fv57	
<b>STRATEGI 18:</b> Bruke sjøen og kystlina i større grad til næringsretta aktivitet, med vekt på berekraftig utvikling og miljø	Avklare kvar det er naturleg å legge sjøretta næring Sikre nødvendig areal til havbruksnæring	
<b>STRATEGI 19:</b> Sikre utbygging av grunnleggjande infrastruktur og ha klar byggeklare tomter for næring	Sikre næringsareal langs hovudfartsårene E39 og Fv57	Utarbeide ein eigen strategi for infrastruktur-utbygging. Vurdere kva reiskap ein skal nytte (til dømes Lindås Tomteselskap)
<b>STRATEGI 20:</b> Jobbe aktivt opp mot sentrale mynde for å sikre effektive og raske transportårer	Vurdere hovudtransportårer mellom Bergen og regionen i arealdelen	
<b>STRATEGI 21:</b> Støtte opp om dei som satsar på nye idear og nye verksemder		Samarbeid med IUV Vidareutvikle næringsfond
<b>STRATEGI 22:</b> Utvikle meir effektive forvaltningsprosessar i kommunen		Utarbeide planar som gode styringsverktøy Lindås 2019
<b>STRATEGI 23:</b> Leggje til rette for auka matproduksjon og næringsutvikling i landbruket	Sikre areal til utvikling av jordbruk og skogbruk Areal for massehandtering	Kommunedelplanar Landbruksplan



## TEMA 2: Industri og næring

### MÅL 5: Vi vil at Lindås skal vere blant dei fremste på Vestlandet innanfor havbruk

Dette skal vi få til ved å:	Føringar for kommuneplanen sin arealdel	Oppfølging i underordna planar/tiltak
<b>STRATEGI 24:</b> Regulere og oppretthalde areal på land og i sjø til havbruk der det er miljømessig forsvarleg	Sikre areal på land og i sjø	Reguleringsplanar
<b>STRATEGI 25:</b> Leggje til rette for å støtte teknologiutvikling innan havbruk, og framtidens behov til metodar, teknologi, kompetanse og leveranse		Strategisk næringsplan og næringsfond
<b>STRATEGI 26:</b> Arbeide for å få eit teknologisenter for havbruk i kommunen i samarbeid med høgskule, universitet og industri		Strategisk næringsplan

### MÅL 6: Vi vil at Lindås skal vere ein attraktiv kommune for utvikling av fag- og kompetansearbeidsplassar

Dette skal vi få til ved å:	Føringar for kommuneplanen sin arealdel	Oppfølging i underordna planar/tiltak
<b>STRATEGI 27:</b> Knytte nærare band mot universitet- og høgskulemiljø i Bergen		Strategisk næringsplan
<b>STRATEGI 28:</b> Leggje til rette for at det kan byggjast lokale til kompetansearbeidsplassar	Sikre areal til off./privat tenesteyting	Reguleringsplan
<b>STRATEGI 29:</b> Leggje til rette for at unge blir verande i kommunen etter endt utdanning		Strategisk næringsplan

## Attraktive nærmiljø

Lindås kommune har hatt ein jamn folkeauke dei siste åra, og det er venta at veksten i regionen vil halde fram. Vi vil truleg oppleve auke i alle aldergrupper, noko som vil påverke kva tenester kommunen skal tilby.

Befolkningsauken får også konsekvensar for bustadpolitikken i kommunen. Kva type bustader vi har behov for og kvar, og kva type kvalitetar vi skal leggje til rette for i nærmiljøa, er sentrale spørsmål vi må stille oss. Ein sterk vekst i leilegheitssegmentet i Knarvik dei siste åra har i størst grad treft eldre og godt etablerte på bustadmarknaden framfor ungdom og barnefamiljar. I dag har vi langt færre rekkjehus og tomannsbustader enn einestubustader i kommunen. Meir varierte bustadtypar med ulike storleikar på bueiningane, og ein bustadsamansetnad som inkluderar alle grupper, som førstegongsetablerarar, einslege og låginntektstgrupper, bidrar ofte til gode bumiljø og levande lokalsamfunn.

I tillegg til eit attraktivt og levande region-senter skal dei definerte nærsentera, med funksjoner som offentlege og private tenester og handel, fungere som eit knutepunkt for bygdene rundt. Hovudtyngda av bustadutviklinga i kommunen skal skje i region-senteret og i nærsentra. Ei samordna bustad-, areal- og transportplanlegging er viktig for å sikre berekraftig arealbruk, tryggleik, redusere transportmengden og leggje til rette for at fleire går, sykklar og nyttar kollektivtransport.

### Relevante kommunale planar

- Kommunedelplan for Knarvik – Alversund med Alverstraumen (i prosess)
- Landbruksplan (oppstart innan 2020)
- Hovudplan for vatn (i prosess)


### Rettleiing og forkortingar

Her kan du lese fullt namn og planstatus på planane i kolonna til venstre, "oppfølging i underordna planar/tiltak".

KDP = Kommunedelplan

To sentrale begrep for all planlegging er viktig for ei heilskapleg bustadutvikling; berekraft og folkehelse. Berekraftbegrepet kan vi knyte til miljø og klimamessig berekraft og sosial berekraft (sosial kontakt, deltaking, det å høyre til, tryggleik). Med andre ord; kvar kommunen legg til rette for bustader, og i kva grad desse er samlokaliserte med møteplassar, nærleik til friområde eller offentlege tenester, påverkar både miljøet i form av redusert transportbehov, og helsa til innbyggjarane gjennom aktivitetsnivå og grad av sosial deltaking og trivsel i kvardagen. Det er viktig for kommunen å leggje til rette for gode møteplassar som inviterer til leik og samver og gjer at folk kjenner at dei høyrer til. Innbyggjarar i alle aldrar skal leve godt i Lindås.

Figur 5 <sup>1</sup>



Figur 5: Ideal maksimal avstand til grøntområder fra heimen for ulike aldersgrupper.<sup>1</sup>

Kommunen skal difor leggje til rette for at det er balanse mellom natur, grøntareal og bustadbygging. Dei opne areala er mellom anna viktig for rekreasjon og friluftsliv, og bidrar til å gjere kommunen vår til ein attraktiv stad å bu.

Dei frivillige skaper gode nærmiljø. Dei tar tak og sørgjer for aktivitet som er tilpassa lokalsamfunnet deira. Med dette bidrar dei også til å leggje til rette for gode bumiljø der flest mogleg kan meistre sin eigen kvardag, bli buande i eigen bustad og oppleve livskvalitet.

<sup>1</sup> Folkehelse i Hordaland (2015) - ei kunnskapsoversikt

### TEMA 3: Attraktive nærmiljø

#### MÅL 7: Vi vil ha gode, trygge og aktive nærmiljø som fremjar god helse.

Dette skal vi få til ved å:	Føringar for kommunepleanen sin arealdel	Oppfølging i underordna planar/tiltak
<p><b>STRATEGI 30:</b> Auke arealutnyttinga i Knarvik, Alversund og dei definerte nærsentra Ostereidet og Lindås, og i nærleiken til skule, barnehage, fritids- og servicetilbod</p>	<p>Avklare kvar bustadområda i kommunen skal vere. Sikre at arealformål heng saman; bustad, offentleg og service/handel. Vurdere behov for nye bustadområder rundt definerte sentra. Leggje til rette for for- tetting Leggje inn føringar for arkitektoniske kvalitetar og uttrykk i nye utbyggingsområde og på nye bygg</p>	<p>KDP Knarvik Alversund Områdeplanar for nærsentera</p>
<p><b>STRATEGI 31:</b> Leggje til rette for spreidd busetnad i eksisterande buområde og mindre bustadfelt</p>	<p>Vurdering av LNF spredt Leggje til rette for spreidd bustadbygging på bygdene Leggje inn føringar for arkitektoniske kvalitetar/uttrykk i nye utbyggingsområde og nye bygg</p>	
<p><b>STRATEGI 32:</b> Leggje til rette for møteplassar og uterom som sikrar fellesskap, aktivitetar, leik og sosialt samvær</p>	<p>Sikre møteplassar og uterom gjennom overordna føresegner i arealdelen, detaljane må på plass i underordna planar</p>	<p>Avklaring i reguleringsplanar</p>
<p><b>STRATEGI 33:</b> Sikre trygg ferdsel for barn og unge frå bustadområde til skular og andre aktivitetar i nærmiljøa</p>	<p>Sikre areal til gang- og sykkelveggar/fortau i tilknytning til bustadområde, skular og fritid Sikre heilskapleg utbygging gjennom overordna føresegner.</p>	<p>Reguleringsplanar</p>
<p><b>STRATEGI 34</b> Sikre variert bustadbygging til folk i ulike livsfasar</p>	<p>Politikk og prinsipp må inn i føresegner i overordna plan. Følgje gjeldande lovverk om universell utforming. Presisere politikk i arealdelen</p>	<p>Reguleringsplanar</p>
<p><b>STRATEGI 35:</b> Leggje til rette for at bumiljøa har område der alle kan vere i aktivitet</p>	<p>Politikk og prinsipp inn i føresegner i overordna plan</p>	<p>Reguleringsplanar</p>

## MÅL 7: (Framhald)

Dette skal vi få til ved å:	Føringar for kommunepanen sin arealdel	Oppfølging i underordna planar/tiltak
<b>STRATEGI 36:</b> Leggje til rette for å bruke natur og friområde som ein kvalitet i og rundt bumiljøa	Avklare eventuelle korridorar for infrastruktur	Reguleringsplanar
<b>STRATEGI 37:</b> Leggje til rette for digital infrastruktur i heile kommunen	Sikre areal til utvikling av jordbruk og skogbruk	Utarbeide ein plan og strategi for utbygging av infrastruktur
<b>STRATEGI 38:</b> Oppretthalde kulturlandskapet gjennom å leggje til rette for aktiv drift og ta vare på verdifullt landbruksareal	Sikre offentleg areal til vass- og avløpsanlegg	Landbruksplan
<b>STRATEGI 39:</b> Leggje til rette for vidare utbygging av offentlege vass- og avløpsanlegg		Hovudplan for vatn og avløp

## TEMA 3: Attraktive nærmiljø

## MÅL 8: Vi vil utvikle nærsentra Lindås og Ostereidet vidare

Dette skal vi få til ved å:	Føringar for kommunepanen sin arealdel	Oppfølging i underordna planar/tiltak
<b>STRATEGI 40:</b> Oppretthalde og vidareutvikle helse- og omsorgstenester i nærsentra	Sikre areal til offentleg formål	Arealdelen Områdeplanar
<b>STRATEGI 41:</b> Sikre at nærsentra har skule, barnehage og fritids- og servicetilbod	Sikre areal til formåla	Arealdelen Områdeplanar
<b>STRATEGI 42:</b> Arbeide for at tannklinikken på Lindås vert oppretthalde		

## Kultur og frivillig arbeid

Vi har eit rikt kulturliv i Lindås kommune og eit stort mangfald av aktive lag og organisasjonar. Vi er i verdstoppen når det gjeld korpsa i kommunen. I tillegg har vi mange aktive innan idrett, kor og revy. Kommunen driv bibliotek, kulturskule, frivilligssentral og fritidsklubbar for ungdom. Stort sett alle idrettsanlegga er i kommunalt eige.

Kulturlivet er ein viktig faktor for trivsel og det å kjenne seg heime i kommunen sin. Kultur skapar møteplassar, ei kjensle av fellesskap og engasjement. Kultur byggjer samfunn. Mykje av kulturlivet i Lindås er drive av frivillige. Det at folk engasjerer seg og tar ansvar i nærmiljøet, førebyggjer einsemd og byggjer fellesskap. Lindås kommune vil difor legge til rette for gode rammer for det frivillige arbeidet, og jobbe for å sikre eit godt samarbeid mellom kommunen og frivilligheita.

Fysisk aktivitet og allmenn kulturell opplysning er med å auke livskvaliteten og helsa til barn og unge. Barn og unge har behov for både organiserte og ikkje-organiserte møteplassar og arenar der dei kan møte vener og oppleve gode sosiale fellesskap. Lindås kommune investerer i gode oppvekstvilkår, og ønskjer difor å leggje til rette for eit breitt kultur-, idretts- og fritidstilbod for barn og unge.

Lindås ungdomsråd (LUR) er eit rådgjevande organ som uttalar seg i saker som er viktige for ungdom. Ungdomsrådet gjer vedtak, kjem med forslag, og er ungdomane sin moglegheit til å påverke. Lindås kommune har veldig gode erfaringar med å involvere ungdomane, slik vi har gjort i arbeidet med kommuneplanen sin samfunnsdel.

### Relevante kommunale planar

- Kommunedelplan for helse, sosial og omsorg (i prosess)
- Kommunedelplan for idrett, aktivitet og friluftsliv (2016-2024)
- Kulturplan (2010-2020)
- Kulturminneplan (oppstart 2018)

### Rettleiing og forkortingar

Her kan du lese fullt namn og planstatus på planane i kolonna til venstre, "oppfølging i underordna planar/tiltak".

KDP = Kommunedelplan



**TEMA 4: Kultur og frivillig arbeid****MÅL 9: Vi vil ha eit breitt kultur-, idretts- og fritidstilbod som inkluderer alle innbyggjarar.**

<b>Dette skal vi få til ved å:</b>	<b>Føringar for kommunen sin arealdel</b>	<b>Oppfølging i underordna planar/tiltak</b>
<b>STRATEGI 43:</b> Sikre eit godt samarbeid mellom kommune og alle frivillige lag og organisasjonar i kommunen		Kulturplan
<b>STRATEGI 44:</b> Utvikle kulturskolen og styrke kommunen sitt kultur- og fritidstilbod til barn og unge		Kulturplan
<b>STRATEGI 45:</b> Leggje til rette for eit breiare kultur- og fritidstilbod, som stimulerer til at fleire kan delta	Universell utforming	Idrettsplan Kulturplan
<b>STRATEGI 46:</b> Ta vare på kulturminne, lokalt særpreg, språk og identitet	Lage omsynssonar kring kulturminna	Kulturminneplan
<b>STRATEGI 47:</b> Utvikle fleire arenaer og møteplassar for idrett, musikk og kunst	Vurdere om dette har ein arealmessig konsekvens Leggje inn overordna politikk i føresegner	Idrettsplan Kulturplan Reguleringsplanar

**TEMA 4: Kultur og frivillig arbeid****MÅL 10: Vi vil gi innbyggjarane gode tenester gjennom aktivt samarbeid med frivillige lag og organisasjonar.**

<b>Dette skal vi få til ved å:</b>	<b>Føringar for kommunen sin arealdel</b>	<b>Oppfølging i underordna planar/tiltak</b>
<b>STRATEGI 48:</b> Nytte frivillige ressursar som støtte og supplement til dei kommunale tenestene		KDP Helse, sosial og omsorg
<b>STRATEGI 49:</b> Leggje til rette for av fleire engasjerer seg i frivillig arbeid		
<b>STRATEGI 50:</b> Leggje til rette for at frivillig arbeid får føreseielege rammer		Årlege vurderingar i økonomiplanarbeid
<b>STRATEGI 51:</b> Satse på Frivilligsentralen som kommunen sitt verktøy for å koordinere frivillig innsats		KDP Kultur KDP Helse, sosial og omsorg

## Klima og miljø

Noreg har som mål å redusere utslepp av klimagassar. Hordaland har størst utslepp av klimagassar av alle fylka i Noreg. Ein stor del av utsleppa kjem frå kvotepliktig sektor, til dømes frå raffineriet til Statoil Mongstad. Biltrafikken i Nordhordland har auka dei siste åra. Trafikkmålingane synleggjer aukande aktivitet i regionen, noko som kan gi ei positiv samfunnsutvikling. Samtidig førar trafikkauken med seg utfordringar. Vegtrafikken står for ein stor del av klimagassutsleppa. Trafikkmengda førar også til auka støy- og støvproblem, og trafikktryggleiken blir meir krevjande å ta vare på.

Vekst i folketalet skapar behov for nye bustader, arbeidsplassar, skule, barnehager, kommunale tenester og næringsareal og førar til ein auke i transportbehovet. Lindås kommune har i dag eit spreidd utbyggingsmønster i delar av kommunen. Eit berekraftig utbyggingsmønster og gode bumiljø med hovudtyngda av utbygging i regionsenteret og i nærsentra, kan bidra til å redusere transportbehovet, stimulere til kortare og meir miljøvenlege reiser og hindre nedbygging av verdifulle areal. Målretta arbeid for å auke sykkel-, gang- og kollektivtrafikken er eit anna viktige middel for å redusere utsleppa kommunen vil satse på. For å sikre at fleire går og sykklar er det viktig med trafiksikre og attraktive gang- og sykkelveggar som inviterer til bruk.

Klimaet er i endring, og Lindås kommune vert også råka av eit varmare og våtare klima med ekstremver. Den mest samfunnsøkonomisk krevjande utfordringa er truleg nedbør. Mykje nedbør over tid gir auka risiko for mellom anna flom og skred, som kan få konsekvensar for heimane våre, naturressursar og landbruksnæringa.

Dei venta endringane vil mellom anna stille særlege krav til handteringa av overvatn i utbygde strom i framtida. Med eit framtidig kompakt utbyggingsmønster i regionsenteret

og nærsentra vil overvasshandtering difor vere eit svært viktig tilpassingstiltak i åra som kjem fordi ein ofte byggjer ned område som i dag bidrar til å redusere farar ved overvatn. Dette kan føre til store samfunnsøkonomiske konsekvensar, sidan det er her konsentrasjonen av materielle verdier er størst.

Lindås kommune ønskjer å arbeide med å energioptimalisere kommunale bygg. Vidare vil kommunen leggje føringar for at nye entreprenørar og utbyggjarar legg til rette for energieffektive system i nye utbyggingsprosjekt. Berekraftige energiløysingar vil bidra til betre inn klima for tilsette, brukarar og bebuarar, økonomisk sparing og positiv effekt på det globale miljøet.

Sortering av avfall bidrar til reduksjon av klimagassutslepp. Difor er det viktig å sikre god avfallshandtering og funksjonelle sorterings- og innsamlingsmoglegheiter for kommunen som organisasjon, næringsliv og hushald i kommunen.

### Relevante kommunale planar

- Kommunedelplan for klima og energi (2010)
- Kommunedelplan for samfunnsstryggleik og beredskap (oppstart 2018)

### Rettleiing og forkortingar

Her kan du lese fullt namn og planstatus på planane i kolonna til venstre, "oppfølging i underordna planar/tiltak".

KDP = Kommunedelplan

**TEMA 5: Klima og miljø****MÅL 11: Vi vil utvikle eit samfunn som er meir klima- og miljøvenleg og energieffektivt.**

<b>Dette skal vi få til ved å:</b>	<b>Føringar for kommunepleanen sin arealdel</b>	<b>Oppfølging i underordna planar/tiltak</b>
<b>STRATEGI 52:</b> Sikre god gjenvinning og avfallshandtering		
<b>STRATEGI 53:</b> Stille krav til energieffektive løysingar og bruk av fornybare energikjelder i reguleringsplanar, og i kommunen sine eigne investeringsprosjekt	Prinsipp må vere ein del av overordna arealplan	Reguleringsplan
<b>STRATEGI 54:</b> Utvikle nødvendig infrastruktur slik at fleire skal kunne nytte miljøvennelege transportmiddel	Sikre areal til mjuke trafikantar, og til parkering av sykkel og andre miljøvennelege transportmiddel.	Kommunedelplanar, områdeplanar og reguleringsplanar
<b>STRATEGI 55:</b> Engasjere barn og ungdom i miljøarbeid		KDP for klima og energi

**TEMA 5: Klima og miljø****MÅL 12: Vi vil ha ei samfunnsutvikling som er berekraftig og tilpassa klimaendringane.**

<b>Dette skal vi få til ved å:</b>	<b>Føringar for kommunepleanen sin arealdel</b>	<b>Oppfølging i underordna planar/tiltak</b>
<b>STRATEGI 56:</b> Leggje til rette buområde og aktivitetar som sikrar redusert behov for lokaltransport	Sikre heilskapleg arealutvikling mellom bustad, skule og fritid. Overordna prinsipp må inn i kommuneplan Sikre areal til bustad som følgjer opp prinsippet om fortetting	Kommunedelplanar, områdeplanar og reguleringsplanar
<b>STRATEGI 57:</b> Ha auka fortetting i regionsenter og nærsentra	Sikre prinsipp i overordna arealplan. Sikre viktige jord- og skogbruksareal for framtida	Kommunedelplanar, områdeplanar og reguleringsplanar
<b>STRATEGI 58:</b> Byggje ut infrastruktur som legg til rette for mjuke trafikantar	Sikre areal til gang- og sykkelveg.	Kommunedelplanar, områdeplanar og reguleringsplanar

## MÅL 12: (Framhald)

Dette skal vi få til ved å:	Føringar for kommunepleanen sin arealdel	Oppfølging i underordna planar/tiltak
<b>STRATEGI 59:</b> Sikre eksisterande og nye buområde og infrastruktur mot konsekvensar av klimaendringar	Avklare plassering av nye bustadområde basert på ROS	KDP for samfunnsstryggleik og beredskap
<b>STRATEGI 60:</b> Ha tydeleg omtale av miljø- og klimautfordringar i all planlegging	Avklare område for nytting av jordressursar	
<b>STRATEGI 61:</b> Ta vare på jordressursar ved utbygging, og bruke dette på areal som er i bruk eller tidlegare ikkje har vore brukt.	Massehandtering	

## TEMA 5: Klima og miljø

## MÅL 13: Vi vil at Lindås kommune som organisasjon skal gå framfor som eit godt eksempel for å skape eit miljøvennleg og energieffektivt samfunn.

Dette skal vi få til ved å:	Føringar for kommunepleanen sin arealdel	Oppfølging i underordna planar/tiltak
<b>Dette skal vi få til ved å:</b>	<b>Føringar for kommunepleanen sin arealdel</b>	<b>Oppfølging i underordna planar/tiltak</b>
<b>STRATEGI 62:</b> Leggje til rette for at kommunalt tilsette nyttar miljøvennlege transportløyningar/kollektivtransport		Avklare miljøvennlig infrastruktur i kommunale utbyggingsprosjekt
<b>STRATEGI 63:</b> Velje miljøvennlege transportløyningar i kommunale tenester, der det er praktisk mogleg		KDP for klima og energi Økonomiplan
<b>STRATEGI 64:</b> Energieffektivisere kommunale bygg og anlegg		KDP for klima og energi Avklare i kvart byggjeprojekt
<b>STRATEGI 65:</b> Bruke miljøvennlege materialar og energieffektive system i alle kommunale nybygg og i samband med rehabilitering og vedlikehald		KDP for klima og energi Avklare i kvart byggjeprojekt
<b>STRATEGI 66:</b> Vurdere desentraliserte tenestetilbod der det kan bidra til redusert bilbruk		KDP for klima og energi KDP Oppvekst KDP Helse, sosial og omsorg

## Livsmeistring og fellesskap

Vi vil ha eit samfunn som fremjar helse og god livskvalitet. God helse er viktig for dei fleste menneske. Helse seier også noko om kva føresetnader ein har for deltaking, både i arbeidslivet og i kvardagen. Det er eit mål at den einskilde får utvikle seg positivt og nytte dei ressursar, evner og moglegheiter han eller ho har for å meistre livet.

Oversiktsdokument Helsetilstand og påverknadsfaktorar i Lindås kommune frå 2016, viser at vi har to hovudutfordringar knytt til folkehelse der det finst faktorar som kommunen rår over og kan påverke:

1. Vaksne med livsstilssjukdomar som overvekt, hjarte- og karsjukdomar og diabetes type 2.
2. Unge med psykiske plagar, einsemd, og fleire som strevar med læringsutbytte i skulen.

Lindås kommune vil, i tråd med barnekonvensjonen til FN, ha tidleg innsats for barn og unge. Vi meiner at barna våre er vår viktigaste ressurs, og skal arbeide for å gi alle barn like moglegheiter til å leve gode liv med god helse.

Kommunen må fremje folkehelse innanfor dei ulike tenestene, og med dei virkemiddel kommunen rår over, mellom anna gjennom gode skular, trygge arbeidsplassar, varierte tilbod om fritidsaktivitetar og nærleik til natur og friluftsområde.

I Lindås kommune ønskjer vi at alle skal oppleve å vere inkludert i eit lokalsamfunn. Inkludering handlar om å ta del i fellesskapet, uavhengig av bakgrunn. Det handlar om relasjonar og sosialt fellesskap mellom menneske og at vi skal kjenna tilhørsle og meining.

Vi har ein sterk kultur for frivilligheit i Lindås kommune, og dei frivillige bidrar til å skape møteplassar for fellesskap og deltaking i lokalmiljøa. Forsking viser at frivillig arbeid kan gi betre helse for dei som bidrar som frivillig.

Dette gjeld spesielt hos eldre, og er særleg knytt til redusert risiko for depresjon, betre heilskapleg helse, psykisk velvære og færre fysiske hindringar.

Kommunen har eit ønske om at alle skal ha dei same moglegheitene og rettane til å delta i samfunnet. Universell utforming er ein nasjonal strategi for å byggje ned samfunnskapte barrierar for deltaking og livsutfalding. Universell utforming betyr at produkt, tenester, byggverk og uteområde som er meint å vere for alle, skal ha ei utforming som gjer at alle - uavhengig av funksjonevne - skal kunne nytte dei på ein likestilt måte. Med ei venta auke i talet eldre menneske over 80 år, er det viktig å leggje til rette for eit samfunn som er utforma for alle.

### Relevante kommunale planar

- Kvalitetsplan for oppvekst (2016-2028)
- Kommunedelplan for helse, sosial og omsorg (i prosess)
- Kommunedelplan for idrett, aktivitet og friluftsliv (2016-2024)
- Kulturplan (2010-2020)
- Bustadsosial handlingsplan (i prosess)
- Plan for strategisk kompetansestyring (2015)

### Rettleiing og forkortingar

Her kan du lese fullt namn og planstatus på planane i kolonna til venstre, "oppfølging i underordna planar/tiltak".

KDP = Kommunedelplan

## TEMA 6: Livsmeistring og fellesskap

### MÅL 14: Vi vil at innbyggjarane i Lindås kommune opplever god livskvalitet og meistring i eigen kvardag.

Dette skal vi få til ved å:	Føringar for kommunepleanen sin arealdel	Oppfølging i underordna planar/tiltak
<b>STRATEGI 67:</b> Gi alle barn og ungdom tilgang på gode tilbod og tenester, og høve til å delta og bruke evnene sine uavhengig av bakgrunn		KDP oppvekst
<b>STRATEGI 68:</b> Bidra til høg yrkesdeltaking og tilrettelagte aktivitetar		KDP Helse, sosial og omsorg Strategisk kompetanseplan
<b>STRATEGI 69:</b> Utvikle nærmiljø, areaner og møteplassar som sikrar at alle kan delta og høyre til	Kan ha arealkonsekvens Vurdert i reguleringsplan Sikre nære friluftsområde og areal til kultur- og idrettsaktivitetar Sikre moglegheit for å gå eller sykle til kvardagsaktivitetar (til dømes barnehage, skule og fritidstilbod) Universel utforming slik at alle kan delta i samfunnet	KDP Oppvekst KDP Helse, sosial og omsorg KDP Idrett og friluftsliv
<b>STRATEGI 70:</b> Arbeide for at alle har like moglegheiter til å delta på kultur-, aktivitets- og fritidstilbod		KDP Oppvekst
<b>STRATEGI 71:</b> Engasjere frivillige til å etablere arenaer for sosialt fellesskap og deltaking		Kulturplanen KDP Oppvekst KDP Helse, sosial og omsorg Frivilligheitsstrategi
<b>STRATEGI 72:</b> Leggje til rette for eit aktivt friluftsliv	Sette av område til friluftsliv	Idrettsplan
<b>STRATEGI 73:</b> Fremje folkehelse og styrke førebyggjande arbeid i alle sektorar		KDP Oppvekst KDP Helse, sosial og omsorg
<b>STRATEGI 74:</b> Gi alle moglegheit til å bu heime og meistre eigen kvardag		KDP Helse, sosial og omsorg
<b>STRATEGI 75:</b> Leggje til rette for at flest mogleg av innbyggjarane kan eige sin eigen bustad		KDP Helse, sosial og omsorg Bustadsosial handl.plan
<b>STRATEGI 76:</b> Vere leiande innan velferdsteknologi, kvardagsmeistring og bustadtilpassing		KDP Helse, sosial og omsorg

## Kommunale tenester

Lindås kommune er ein samfunnsutviklar, og arbeider for å gi innbyggjarane tenester med god kvalitet. Vi ønskjer at organisasjonen Lindås kommune skal ha eit godt omdøme, og at innbyggjarane skal ha tillit til kommunen sine tenester.

Lindås kommune er i endring, og det er press på drift og nye investeringar. Befolkningsvekst i alle aldersgrupper vil påverke fleire av kommunen sine tilbod og tenester. Dette vil føre til vekst i tenester knytt til barn og unge som til dømes barnehage og skule, helsetenester og tilbod om fritidsaktivitar.

Vidare viser befolkningsframskrivingane at det i framtida vil bli færre innbyggjarar i yrkesaktiv alder for kvar innbyggjar over 80 år. Ein konsekvens av dette vil mellom anna vere press på helse- og omsorgstenestene både i heimen og på institusjon. Lindås kommune har eit høgt nivå på helse- og omsorgstenestene, dette ønskjer vi å halde fram med.

Regjeringa har føreslått å overføre ei rekkje oppgåver til kommunane i samband med kommunereforma; mellom anna barnevern, familievern, rehabilitering, bustadtilskot og tannhelse. Dette vil få konsekvenser for tenesteproduksjonen til kommunen.

Samfunnet vil i aukande grad bli prega av digitalisering, ny teknologi og nye produkt. Digitalisering skal mellom anna bidra til å effektivisere tenesteproduksjon og saks- handsaming (sjølvbetjening). Vi ønskjer at både innbyggjarar og næringsliv skal oppleve kommunale tenester som moderne og av høg kvalitet på tvers av dei ulike tenesteområda dei er i kontakt med.

Kommunen, som organisasjon, har mykje å lære av innbyggjarane. Dialog og medverknad skal gi innbyggjarane større medverknad - både på politikken som blir ført og kommunen sine tenester. For at innbyggjarane skal kunne

involvere seg, må dei vere klar over at det er mogleg og vite korleis dei kan gå fram. Lindås kommune vil halde fram med å arbeide aktivt for å sikre brei medverknad også i framtida.

### Relevante kommunale planar

- Bustadsosial handlingsplan (i prosess)
- Utviklingsprogram Lindås 2019
- Økonomiplan (årleg)
- Plan for strategisk kompetansestyring (2015)
- Arbeidsgivarpolitisk plan (2013)

### Rettleiing og forkortingar

*Her kan du lese fullt namn og planstatus på planane i kolonna til venstre, "oppfølging i underordna planar/tiltak".*

KDP = Kommunedelplan



## TEMA 7: Kommunale tenester

**MÅL 15: Vi vil at innbyggjarane i Lindås kommune skal sikrast gode og fram-tidsretta tenester av riktig kvalitet, basert på dei behova dei har.**

Dette skal vi få til ved å:	Føringar for kommu-neplanen sin arealdel	Oppfølging i under-ordna planar/tiltak
<b>STRATEGI 77:</b> Ha kunnskap om og forstå innbyg-gjarane sine behov	Sikre areal til kommunale bustader Sikre nok areal til of-fentlege føremål slik at kommunen kan levere dei tenesta som det blir behov for i framtida	Lindås 2019 Bustadsosial handlings-plan
<b>STRATEGI 78:</b> Involvere innbyggjarane i utviklinga av tenestene		Lindås 2019
<b>STRATEGI 79:</b> Bruke ny teknologi og innovative løysingar i tenesteutviklinga		Lindås 2019
<b>STRATEGI 80:</b> Utvikle kanalar og verktøy som sikrar god kommunikasjon og samhandling med alle innbyg-gjarane		Lindås 2019
<b>STRATEGI 81:</b> Satse på digitale løysingar og tenes-ter som legg opp til sjølvbetening		Lindås 2019
<b>STRATEGI 82:</b> Utvikle arbeidsprosessar som er tilpassa innbyggjarane sine behov		Lindås 2019

**TEMA 7: Kommunale tenester****MÅL 16: Vi vil at Lindås kommune skal vere ein attraktiv, inkluderande og god arbeidsplass.**

<b>Dette skal vi få til ved å:</b>	<b>Føringar for kommunepleanen sin arealdel</b>	<b>Oppfølging i underordna planar/tiltak</b>
<b>STRATEGI 83:</b> Sikre at medarbeidarar og leiarar tar ei aktiv rolle i utvikling av kommunen sine tenester		Lindås 2019
<b>STRATEGI 84:</b> Tiltreke, halde på og vidareutvikle tilsette.		Strategisk kompetanseplan
<b>STRATEGI 85:</b> Ha systematisk kompetanseutvikling for å løyse nye behov og oppgåver		Strategisk kompetanseplan
<b>STRATEGI 86:</b> Leggje til rette for eit trygt og helsefremjande arbeidsmiljø		Arbeidsgivarpolitisk plan
<b>STRATEGI 87:</b> Vidareutvikle kommunen som ein lærande organisasjon		Arbeidsgivarpolitisk plan Strategisk kompetanseplan

**TEMA 7: Kommunale tenester****MÅL 17: Vi vil ha ei berekraftig økonomisk utvikling som sikrar handlingsrom til strategisk utvikling av kommunen.**

<b>Dette skal vi få til ved å:</b>	<b>Føringar for kommunepleanen sin arealdel</b>	<b>Oppfølging i underordna planar/tiltak</b>
<b>STRATEGI 88:</b> Sikre langsiktig planlegging av drifts- og investeringsnivå innanfor tilgjengelege økonomiske rammer		Økonomiplan
<b>STRATEGI 89:</b> Tilpasse driftsnivå, satsingar og vedlikehald for å skape rom for strategiske investeringar og satsingar		Økonomiplan
<b>STRATEGI 90:</b> Kommunen som hovudregel skal ha fullt eigarskap til areal, som kommunen skal bruke i eit langsiktig perspektiv	Heilskapleg vurdering av behovet for offentleg areal	Økonomiplan Områdeplanar, kommunedelplanar, reguleringsplanar

## Samfunnstryggleik og beredskap

Kommunen har eit ansvar for å sikre at innbyggjarane har ein sikker og trygg kvardag. Under kriser og katastrofar må kommunen kunne sette i verk tiltak for å verne innbyggjarane og oppretthalde viktige samfunnsfunksjonar. For å få til dette, skal kommunen jobbe heilskapleg og systematisk med samfunnstryggleik og beredskap, på tvers av sektorar i kommunen. Kommunen sitt beredskapsarbeid utgjer det lokale fundamentet i den nasjonale beredskapen.

For å sikre god samfunnstryggleik og beredskap er det viktig at kommunen har oversikt over kva type hendingar som kan skje i kommunen. Dette skal komme fram av ei risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS-analyse), slik at vi får oversikt over kva risiko det til dømes er for ras, flaum, epidemiar, sjukdomar, trafikkulykker, svikt i kritisk infrastruktur, atomulykker, stråling og forureining. For dei områda det er høgast risiko, må kommunen ha særskilte beredskapsplanar for å sikre tryggleiken om det skulle skje noko.

For kommunen er det viktig å ha oversikt over kva hendingar som kan hindre at kommunen kan levere tenester til innbyggjarane, til dømes helsetenester, opplæring og vassforsyning. Det er også viktig for kommunen å ha eit apparat som kan handtere akutte kriser og situasjonar. I det daglege er det kommunen sitt brann- og redningsvern som rykkjer ut på kort tid, for å handtere brannar og andre akutte situasjonar.

Klimaendringar blir ein sentral del av risikobiletet i framtida, og ein kan vente auka nedbør, meir ekstremver, havnivåstigning og andre gradvise endringar som vil få store konsekvensar for helseforhold, jordbruk, fiskeri, samferdsle, bygg, anlegg og naturmangfald. I tillegg kan det få konsekvensar for kvar innbyggjarar kan bygge hus og etablere seg.

### Relevante kommunale planar

- Overordna ROS (2012)
- Kommundelplan for samfunnstryggleik og beredskap (oppstart 2018)
- Plan for kommunal kriseleiing (i prosess)
- Kommunal brannordning

### Rettleiing og forkortingar

*Her kan du lese fullt namn og planstatus på planane i kolonna til venstre, "oppfølging i underordna planar/tiltak".*

KDP = Kommunedelplan  
KKL = Kommunal kriseleiing

**TEMA 8: Samfunnstryggleik og beredskap**

**MÅL 18: Vi skal ivareta innbyggjarane sin sikkerheit og tryggleik, og på den måten redusere risiko for tap av liv eller skade på helse, miljø, materielle verdiar og kritisk infrastruktur.**

Dette skal vi få til ved å:	Føringar for kommuneplanen sin arealdel	Oppfølging i underordna planar/tiltak
<b>STRATEGI 92:</b> Arbeide systematisk og heilskapleg med samfunnstryggleik i samfunnet generelt og på tvers av sektorar/tenestoområde med relevante beredskapsaktørar	Avklare kvar det er mogleg å ha utbygging som er sikker frå flaum/overvatn etc.	Overordna ROS KDP Samfunnstryggleik og beredskap
<b>STRATEGI 93:</b> Sikre tilgang på nødvendige ressursar i samarbeid med relevante beredskapsaktørar		KDP Samfunnstryggleik og beredskap Plan for KKL

**TEMA 8: Samfunnstryggleik og beredskap**

**MÅL 19: Vi skal sikre liv, helse, materielle verdiar, miljø, kritisk infrastruktur ved uønska hendingar.**

Dette skal vi få til ved å:	Føringar for kommuneplanen sin arealdel	Oppfølging i underordna planar/tiltak
<b>STRATEGI 94:</b> Jobbe systematisk og heilskapleg slik at vi er organisert og dimensjonert i samsvar med lokal risiko (ROS), lovar og forskrifter		Kommunal brannordning Plan for KKL
<b>STRATEGI 95:</b> Oppretthalde beredskap og evna til å handtere uønska hendingar i heile kommunen på alle nivå		Kommunal brannordning Plan for KKL
<b>STRATEGI 96:</b> Etablere system for å oppretthalde kommunal tenesteyting ved uønska hendingar		Sektorvise beredskapsplanar

## 5. Føringer

Nokre viktige føringer for kommuneplanen sin samfunnsdel:

- Lovar og forskrifter
- Stortingsmeldingar, rikspolitiske og statlege planretningslinjer
- Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging
- Regional planstrategi
- Regionale planar
- Kommunal planstrategi (2016-2019) og planprogram for kommuneplanen sin samfunnsdel
- Kommunedelplanar og temaplanar

